



Utval: Samferdselsutvalet
Møtestad: 367, 3.etg., Fylkeshuset
Dato: 19.08.2015
Tidspunkt: 11:00-15.00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Atle Kvåle	Medlem	A
Anne-Line Innvær	Medlem	A
Øyvind Hardeland	Medlem	A
Gustav Bahus	Leiar	FRP
Inger Signe Ulvund	Medlem	FRP
Einar Lutro	Medlem	H
Iiril Schau Johansen	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Pål Kårbø	Medlem	KRF
Jostein Ljones	Medlem	FL SP/MDG
Tom Skauge	Medlem	FL SV/R
Alf Helge Greaker	Nestleiar	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Helge Nævdal	Medlem	A
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H
Eli Årdal Berland	Medlem	H

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Torill Helland	Helge Nævdal	A
Svein Halleraker	Stein Inge Ryssdal	H
John T. Torsvik	Eli Årdal Berland	H

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Martin Jacobsen	Seksjonsleiar
John Erling Hodneland	Avd Dir SVV
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Rolf Rosenlund	Seksjonsleiar

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 80/15	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 81/15	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 82/15	Referatsaker (Meldingar)		
RS 71/15	Belønningsordninga - Bergen - Signering av nye avtale 2015-2018	2014/10571	
RS 72/15	Vaktberedskap i forbindelse med ras	2015/3001	
RS 73/15	Kostnadsoverskridingar for Askøypakken	2015/825	
RS 74/15	Møteplan 2016 for fylkeskommunale organ	2015/5700	
RS 75/15	Nye støymålingar langs riks- og fylkesvegar	2015/2400	
RS 76/15	Utløysing av opsjonar - transportkontraktar	2015/6769	
RS 77/15	Trafikkplan Sunnhordland - førebuing nytt anbod	2015/7972	
RS 78/15	Oversendingar til samferdselsutvalet august 2015	2015/2400	
RS 79/15	Saker på sommarfullmakt 2015	2015/7758	
RS 80/15	Svar på spørsmål frå Tom Skauge til sak om Fråsegn til planprogram E39 Stord-Os i samferdselsutvalet 9. juni (PS sak 78/15)	2014/15115	
PS 83/15	Moglegheitsstudie for fylkesvegar knytt til E39 Bergen-Rogaland - Oppfølging	2014/15115	
PS 84/15	Regional transportplan Hordaland - høyring av framlegg til planprogram	2015/535	
PS 85/15	Tilskotsordning til tiltak for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar. Søknad frå Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune om midlar for 2016.	2014/23709	
PS 86/15	Beredskapsanalyse for brusambanda rundt Bergen - Høyringssak	2014/17909	
PS 87/15	Endringar i kollektivtilbodet i Kvinnherad	2015/428	
PS 88/15	Oppretting av styringsgruppe for arbeidet med ny sonetakststruktur.	2015/7302	
PS 89/15	Vedk. ferjetilbodet for Austevoll og Varaldsøy	2015/1217	
PS 90/15	Sykkel VM 2017 – avtale med Bergen 2017 AS, oppnemning av representant til hovudkomiteen og fordeling av kr. 500.000	2014/1636	
PS 91/15	Køretider for reservedrosjeløyve i Bergen køyreområde	2015/6943	
PS 92/15	Ymse		

PS 80/15 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.08.2015

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

PS 81/15 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.08.2015

Vedtak

Møtebøkene frå møta 3. og 9. juni vart godkjente.

PS 82/15 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.08.2015

RS 74/15 Møteplan for utvala i 2016. **Silja Ekeland Bjørkly** peika på at den nye møteplanen ikkje er optimal m.o.t. feriar o.a. På bakgrunn av dette og etter forslag frå **Gustav Bahus** fatta utvalet samrøystes slik vedtak.

Vedtak

Samferdselsutvalet ber administrasjonen sjå på møteplanen på nytt i lys av skulerutene, vinter-/påskeferie og sommarferie og andre openberre kollisjonar. Samferdselsutvalet ber om at møteplanen vert lagt fram på nytt 9. september.

RS 75/15 **Tom Skauge** sette fram slik oversending.

SV ber administrasjonen leggja fram sak med drøfting av om støygrensa bør ned til 41 eller 40 Db.

RS 71/15 Belønningsordninga - Bergen - Signering av nye avtale 2015-2018

RS 72/15 Vaktberedskap i forbindelse med ras

RS 73/15 Kostnadsoverskridingar for Askøypakken

RS 74/15 Møteplan 2016 for fylkeskommunale organ

RS 75/15 Nye støymålingar langs riks- og fylkesveggar

RS 76/15 Utløysing av opsjonar - transportkontraktar

RS 77/15 Trafikkplan Sunnhordland - førebuing nytt anbod

RS 78/15 Oversendingar til samferdselsutvalet august 2015

RS 79/15 Saker på sommarfullmakt 2015

RS 80/15 Svar på spørsmål frå Tom Skauge til sak om Fråsegn til planprogram E39 Stord-Os i samferdselsutvalet 9. juni (PS sak 78/15)

PS 83/15 Moglegheitsstudie for fylkesvegar knytt til E39 Bergen-Rogaland - Oppfølging

For å sikre at fylkesvegnettet er robust for ei auka trafikkbelastning, og for å få best mogleg utbytte av nye E39, er det utgreidd fem nye tiltak i fylkesvegnettet. Tiltaka vi har vurdert er:

- Brusamband mellom Fusa og Os
- Samband mellom Austevoll og nye E39 på Reksteren
- Tverrsamband mellom Fitjar og E39
- Nytt ferjesamband mellom Kvinnherad og Stord
- Tverrsamband over Ålfjorden mellom E39 og E134, frå Etne til Ølen og Sveio

I tillegg er konsekvensane for kollektivtilbodet i området vurdert.

I denne saka vert det føreslått vidare oppfølging av moglegheitsstudiet.

Moglegheitsstudiet vart utført av Sweco og Oslo Economics etter ein anbodskonkurranse. Den følgjer vedlagt.

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tek moglegheitsstudie for fylkesvegar knytt til E39 Bergen- Rogaland til orientering, og ber fylkesrådmannen leggje den til grunn i det vidare arbeidet opp mot statleg plan for kommunedelplannivå for E39 Stord-Os, samt for neste rullering av Regional transportplan.
2. Med ny E39 vil innfallsporten til Tysnes bli endra. Fylkesutvalet meiner det er særleg er behov for å sikre at Tysnes får ei best mogleg tilknytning frå E39 inn mot kommunesenteret Uggdal, og meiner at strekninga bør inngå som ein del av planlegginga av E39- prosjektet.
3. Fylkesutvalet ber om at det i regi av det statlege planarbeidet for E39 Stord –Os blir starta eit arbeid med ei utgreiing av moglege konsept for ferje og bru mellom Reksteren og Austevoll med sikte på å leggje til rette for ei føremålstenleg kryssløysing på E39 på Reksteren.
4. Fylkesutvalet meiner at innkorting av sambandet mellom Stord og Kvinnherad er sentralt for å utvikle Sunnhordlandsregionen, og ber fylkesrådmannen gå i dialog med Statens Vegvesen og Stord og Kvinnherad kommune om korleis dette kan gjerast.
5. Fylkesutvalet viser til tidlegare vedtak om Aust- vest samband, og legg til grunn at tverrsamband over Samnangerfjorden mellom Fusa og Os, bru over Ålfjorden mellom Etnesjøen og bru mot Kvinnherad frå Tysnes må vurderast som statleg vegprosjekt i ein KVU for strekninga Jøsandal-Bergen.
6. Det må i planarbeidet for E39 og i Regional transportplan arbeidast med å utvikle ein effektiv kollektivstruktur som kan betre konkurransekrafta for kollektivtrafikken.
7. Fylkesutvalet peiker på behovet å leggje til rette for ein positiv og berekraftig utvikling i Sunnhordland, og ønskjer å bidra med plankompetanse og plankapasitet til å bistå kommunane.
8. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen ta kontakt med Rogaland fylkeskommune om å få utarbeida ein felles moglegheitsstudie for fylkesvegar knytt til E39 på strekninga Bokn-Stord.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.08.2015

Tom Skauge sette fram forslag om å utsetja saka.

Grunnlaget for denne planen er eit planprogram for E39 som i alle deler er overdimensjonert og skadeleg for klima. Plan om fire felt for 110 km/t vil og forsinke arbeidet med eit tenleg vegnett langs kysten.

SAMU ber administrasjonen komme tilbake med nytt framlegg når eit nytt planprogram for E39 er lagt fram.

Røysting

Forslaget om utsetjing fekk 1 røyst (SV) og fall.

Tom Skauge sette fram forslag til nytt pkt

Det er for tidleg i planprosessen å satse alt på kryssing av Bjørnafjorden. SAMU ber om at det blir tatt kontakt med Regjeringa for å få tilbake alternativ indre trase og ferjealternativet til vidare utgreiing.

Tom Skauge sette fram protokollmerknad.

Svein Halleraker sette fram fellesforslag frå H, A, FRP, KRF, SP om justeringar av teksten i innstillinga pkt 3, 4, 5 og 7.

Røysting

Tom Skauge sitt forslag til nytt pkt fekk 1 røyst og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1 og 2 vart vedteke mot 1 røyst (SV).

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 6 og 8 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 7 fekk 1 røyst (SV) og fall.

Svein Halleraker sitt fellesforslag pkt 3, 4, 5 og 7 vart vedteke mot 1 røyst (SV).

Innstilling

1. Fylkesutvalet tek moglegheitsstudie for fylkesvegar knytt til E39 Bergen- Rogaland til orientering, og ber fylkesrådmannen leggje den til grunn i det vidare arbeidet opp mot statleg plan for kommunedelplannivå for E39 Stord-Os, samt for neste rullering av Regional transportplan.
2. Med ny E39 vil innfallsporren til Tysnes bli endra. Fylkesutvalet meiner det er særleg er behov for å sikre at Tysnes får ei best mogleg tilknytning frå E39 inn mot kommunesenteret Ugddal, og meiner at strekninga bør inngå som ein del av planlegginga av E39- prosjektet.
3. Fylkesutvalet ber om at det i regi av det statlege planarbeidet for E39 Stord –Os blir starta eit arbeid med ei utgreiing av moglege konsept for bru mellom Reksteren og Austevoll med sikte på å leggje til rette for ei føremålstenleg kryssløysing på E39 på Reksteren.
4. Fylkesutvalet meiner at innkorting av sambandet mellom Stord og Kvinnherad er sentralt for å utvikle Sunnhordlandsregionen, og ber fylkesrådmannen gå i dialog med Statens Vegvesen og Stord og Kvinnherad kommune om korleis dette kan løysast.
5. Fylkesutvalet viser til tidlegare vedtak om Aust- vest samband, og legg til grunn at tverrsamband mellom Fusa og Os, bru over Ålfjorden mellom Etnesjøen og ferjefritt samband mot Kvinnherad frå Tysnes eller Stord må vurderast som statleg vegprosjekt i ein KVVU for strekninga Jøsendal-Bergen.
6. Det må i planarbeidet for E39 og i Regional transportplan arbeidast med å utvikle ein effektiv kollektivstruktur som kan betre konkurransekrafta for kollektivtrafikken.
7. Fylkesutvalet peiker på behovet å leggje til rette for ein positiv og berekraftig utvikling i Sunnhordland, og ønskjer å bidra med plankompetanse og plankapasitet til å bistå kommunane i viktige prosjekt knytta til tverrsambanda inn mot E39.
8. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen ta kontakt med Rogaland fylkeskommune om å få utarbeida ein felles moglegheitsstudie for fylkesvegar knytt til E39 på strekninga Bokn-Stord.

Protokollmerknad frå Tom Skauge

SV røystar mot fleire av framlegga i saka.

Grunnlaget for denne planen er eit planprogram for E39 som i alle deler er overdimensjonert og skadeleg for klima. Plan om fire felt for 110 kmt vil og forsinke arbeidet med eit tenleg vegnett langs kysten.

SV ber administrasjonen komme tilbake med nytt framlegg når eit nytt planprogram for E39 er lagt

fram.

PS 84/15 Regional transportplan Hordaland - høyring av framlegg til planprogram

Forslag til innstilling

1. Framlegg til planprogram for Regional transportplan Hordaland 2018-2029 vert sendt på høyring i medhald av plan- og bygningslova § 8-3.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.08.2015

Håkon Rasmussen opplyste om ein faktafeil i saksframlegget. Det er fylkesrådmannen som legg fram saka, ikkje saksordføraren.

Saksordførar **Atle Kvåle** orienterte om planprogrammet.

Svein Halleraker sette på vegne av H, FRP, V, A, SP, KRF fram forslag til justeringar i pkt 5.1.1 i planen.

Alf Helge Greaker sette på vegne av V, FRP, H fram forslag til ny innstilling.

Framlegg til planprogram for Regional transportplan Hordaland 2018-2029 vert sendt på høyring i medhald av plan- og bygningslova § 8-3, når følgjande plantema er innarbeida:

- innfartsparkering
- parkeringstilhøve for sykkel og motorsykkel
- infrastruktur for, og samarbeid ellers med drosjenæringa

Tom Skauge sette fram forslag om tillegg til innstillinga.

SAMU ber administrasjonen gje høyringspartane høve til å gje innspel på desse framlegga:

- a) Klimaforliket i Stortinget bør inn som viktig nasjonal føring for planarbeidet
- b) Alle skular skal ha et trafikksekkingsprogram i samarbeid med skule og foreldre.
- c) For å gje rom for nyttetraffikken på fylkesvegnettet må det på alle innfartsårar til Bergen med fire felt bli regulert to felt til kollektivfelt.
- d) For å gjere vegen betre framkommeleg for nyttetraffikken mot vest bør det regulerast inn kollektivfelt på det nye sambandet og fundamentterast for framtidig bybane.
- e) På særleg overbelasta vegar bør en prøve ut gratis kollektivtransport for å betre konkurransevilkåra for miljøvennleg kollektivtransport som t.d. mellom Sotra og Bergen.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling fekk ingen røyster og fall.

Alf Helge Greaker sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Svein Halleraker sitt forslag til justering av teksten i planen pkt 5.1.1 vart vedteke mot 1 røyst (SV).

Tom Skauge sitt forslag pkt a) vart vedteke mot 2 røyster (FRP).

Tom Skauge sitt forslag pkt b-e fekk 1 røyst (SV) og fall.

Innstilling

Framlegg til planprogram for Regional transportplan Hordaland 2018-2029 vert sendt på høyring i medhald av plan- og bygningslova § 8-3, når følgjande plantema er innarbeida:

- innfartsparkering
- parkeringstilhøve for sykkel og motorsykkel
- infrastruktur for, og samarbeid ellers med drosjenæringa
- klimaforliket i Stortinget bør inn som viktig nasjonal føring for planarbeidet

PS 85/15 Tilskotsordning til tiltak for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar. Søknad frå Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune om midlar for 2016.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.08.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner søknader til sykkeltiltak i Bergen og Stord, innanfor ordninga om tilskot til tiltak for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar.
2. Etter at tildeling av midlar er avgjort av Statens vegvesen Region vest vil fylkesutvalet innarbeida naudsynt eigenandel (inntil 32,75 mill. kroner) i inneverande budsjett. Løyving av eigenandel til tiltak i Bergen vil bli innarbeidd innanfor rammene av Bergensprogrammet.

PS 86/15 Beredskapsanalyse for brusambanda rundt Bergen – Høyrings sak

Saka vert utsatt.

PS 87/15 Endringar i kollektivtilbodet i Kvinnherad

Samandrag

Konkurransgrunnlag for nye bussanbod i Hardanger og Voss er no lagt ut på Doffin, jf. orientering i samferdselsutvalet (RS 65/2015). Utvalet har knytt til dette bedt om ei sak om endringane i kollektivtilbodet i Kvinnherad, spesielt om tilbodet på linje 766 Rosendal – Matre – Åkra.

I forarbeidet til nye anbod er det gjort ein gjennomgang av rutetilbodet for å effektivisere drifta og få betre samordning og korrespondansar. I tillegg har alle kommunar i området vore inviterte til å komme med ønske om omprioriteringar i tilbodet lokalt. Ein nødvendig del av arbeidet med rutetilbodet har vore å omprioritere ressursane der kollektivtilbodet er lite brukt, til tilbod som kan nå fleire.

I tråd med ønske frå kommunen er det planlagt inn i anbodsgrunnlaget to nye turar på kvelden til Valen/Skarveland, begge med retur. I tillegg er ønsket om morgonrute frå Rosendal til Sunde i korrespondanse med båtavgang kl. 07:22 imøtekomme. Etter ein grundig gjennomgang av det totale rutetilbodet er det vurdert slik at desse nye tilboda best kan bli finansiert gjennom reduksjon i avgangar og å erstatte dagens kombibuss med minibuss på linje 766.

Alternative løysingar for å oppretthalde tilbodet med kombibuss til Åkra har blitt vurderte, basert på anslag for kostnader for ruteproduksjon og bruk av kombibuss. Alternative løysingar ville kunne vere å vidareføre dagens tilbod og særskilde materiellkrav på linje 766, og enten fjerne nye avgangar som er planlagt ved oppstart av nytt anbod, eller reduksjon av tilbod andre stader i ruteområdet.

Fylkesrådmannen tilrår at ein gjennomfører dei planlagde omprioriteringar i rutetilbodet i Kvinnherad slik dei ligg i konkurransegrunnlaget. Dette vil vere i tråd med vedtekne strategiar for kollektivtilbodet og gje betre utnytting av kollektivmidlane. Dagens tilbod knytt til frakt av gods vil ikkje bli oppretthaldt med denne løysinga. Prinsipielt gjev dette større grad av likebehandling når det gjeld slike ekstratenester frå fylkeskommunen. Det blir oppmoda til å finne løysingar lokalt, slik at andre aktørar kan ta hand om varetransporten til Åkra, som i andre liknande område i fylket.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet tilrår at ein gjennomfører dei planlagde omprioriteringar i rutetilbodet i Kvinnherad slik dei ligg i konkurransegrunnlaget for ruteområde Hardanger og Voss.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.08.2015

Eit fellesforslag frå utvalet gjekk ut på å ta inn ordet «ikkje» som tredje ord i innstillinga.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling fekk 1 røyst(V) og fall.

Fellesforslaget frå utvalet vart vedteke mot 1 røyst (V).

Innstilling

Fylkesutvalet tilrår ikkje at ein gjennomfører dei planlagde omprioriteringar i rutetilbodet i Kvinnherad slik dei ligg i konkurransegrunnlaget for ruteområde Hardanger og Voss.

PS 88/15 Oppretting av styringsgruppe for arbeidet med ny sonetakststruktur.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet utnemner fylgjande medlemmer til styringsgruppe for ny sonetakststruktur.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.08.2015

Utvalet sine medlemmar sette fram forslag til kandidatar.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet utnemner fylgjande medlemmer til styringsgruppe for ny sonetakststruktur.

Gustav Bahus (FRP)

Atle Kvåle (A)

Stein Inge Ryssdal (H)

Anne Beth Njærheim (V)

Pål Kårbø (KRF)

PS 89/15 Vedk. ferjetilbodet for Austevoll og Varaldsøy

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tek status om ferjetilbodet til og frå Austevoll og Varaldsøy til orientering
2. Fylkesutvalet finn ikkje grunnlag for å gjennomføre dei strakstiltak som Austevoll kommune ber om i brev til Hordaland fylkeskommune av 28.04.15

Fylkesutvalet finn ikkje grunnlag for å endre avtalen med Austevoll kommune om årleg tilskot på 4 millionar kroner til delvis dekning av kostnadene med ferje 2 på strekninga Krokeide-Hufthamar.

Fylkesutvalet finn ikkje grunnlag for at ferje 2 skal gå fast i sambandet i inneverande kontraksperiode.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.08.2015

Silja Ekeland Bjørkly sette fram forslag til ny innstilling.

1. Fylkesferjer er fylkeskommunen sitt ansvar. Fylkesutvalet har forståelse for den vanskelige situasjonen som har oppstått for Austevoll kommune etter at næringslivet trakk sitt bidrag til ferje 2. Fylkesutvalet vil difor løyva 2,0 millionar frå tilleggsløyvingskontoen som redusera Austevoll kommune

sin forpliktelse i 2015. Ein vil koma tilbake til den vidare kostnadsfordelinga i budsjettet i 2016 med sikte på å finne ei permanent løysing.

2. Fylkesutvalet ser behovet for erstatningsferje når ferje 2 vert teken ut for planlagt vedlikehold. Dette gjeld ikkje minst forholdet rundt farlig last. Det vert difor leiga inn erstatningsferje ved planlagt vedlikehald. Kostnader for 2015 vert dekkja av fylkesutvalet sin tilleggsløyvingskonto.

3. Samferdselsutvalet ber om at erstatningsferje vert søkt innført alt frå det planlagde vedlikehaldet for ferje 2 frå 19.08.15 - 30.08.15.

Tom Skauge sette fram protokollmerknad

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling fekk ingen røyster og fall.
Silja Ekeland Bjørkly sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesferjer er fylkeskommunen sitt ansvar. Fylkesutvalet har forståelse for den vanskelige situasjonen som har oppstått for Austevoll kommune etter at næringslivet trakk sitt bidrag til ferje 2. Fylkesutvalet vil difor løyva 2,0 millionar frå tilleggsløyvingskontoen som redusera Austevoll kommune sin forpliktelse i 2015. Ein vil koma tilbake til den vidare kostnadsfordelinga i budsjettet i 2016 med sikte på å finne ei permanent løysing.

2. Fylkesutvalet ser behovet for erstatningsferje når ferje 2 vert teken ut for planlagt vedlikehold. Dette gjeld ikkje minst forholdet rundt farlig last. Det vert difor leige inn erstatningsferje ved planlagt vedlikehald. Kostnader for 2015 vert dekkja av fylkesutvalet sin tilleggsløyvingskonto.

3. Samferdselsutvalget ber om at erstatningsferje vert søkt innført alt frå det planlagde vedlikehaldet for ferje 2 frå 19.08.15 - 30.08.15.

Protokollmerknad frå Tom Skauge

Partiet SV beklagar at avtalen som er inngått mellom HFK og Austevoll kommune ikkje vert overhalde frå Austevoll kommune si side. SV røystar for ekstraløyvinga for å gje eit sikrare samband.

PS 90/15 Sykkel VM 2017 – avtale med Bergen 2017 AS, oppnemning av representant til hovudkomitèen og fordeling av kr. 500.000

Forslag til innstilling

1.	Fylkesutvalet i Hordaland vedtek framlegget til ein 12-punkts avtale mellom Bergen 2017 AS og Hordaland fylkeskommune i samband med førebuing, gjennomføring og etterarbeid av sykkel VM 2017.
2.	Fylkesutvalet oppnemner fylkesordførar til å delta i hovudkomitèen for sykkel VM 2017.
3.	Fylkesutvalet fordeler løyvinga på kr 500.000 til prosjekt sykkel VM og folkehelse/sykkelvanar slik: Pilotprosjekt «Alle barn sykler» i Hordaland kr 200.000 Pilotprosjekt «Helsefremjande skule» - 4 skular a kr 50.000 kr 200.000 Mobil sykkelparkering kr 100.000 Løyvinga skal førast over budsjettpost 400.420.00

Saksprotokoll i Opplærings- og helseutvalet - 18.08.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1	Fylkesutvalet i Hordaland vedtek framlegget til ein 12 punkts-avtale mellom Bergen 2017 AS og Hordaland fylkeskommune i samband med førebuing, gjennomføring og etterarbeid av Sykkel-VM
---	--

	2017.						
2	Fylkesutvalet oppnemner fylkesordførar til å delta i hovudkomiteen for Sykkel-VM 2017.						
3	Fylkesutvalet fordeler løyvinga på kr 500.000 til prosjekt Sykkel-VM og folkehelse/sykkelvanar slik: <table style="width: 100%; border: none;"> <tr> <td style="padding-left: 40px;">Pilotprosjekt «Alle barn sykler» i Hordaland</td> <td style="text-align: right;">kr 200.000</td> </tr> <tr> <td style="padding-left: 40px;">Pilotprosjekt «Helsefremjande skule» - 4 skular a kr 50.000</td> <td style="text-align: right;">kr 200.000</td> </tr> <tr> <td style="padding-left: 40px;">Mobil sykkelparkering</td> <td style="text-align: right;">kr 100.000</td> </tr> </table> <p>Løyvinga skal førast over budsjettpost 400.420.00</p>	Pilotprosjekt «Alle barn sykler» i Hordaland	kr 200.000	Pilotprosjekt «Helsefremjande skule» - 4 skular a kr 50.000	kr 200.000	Mobil sykkelparkering	kr 100.000
Pilotprosjekt «Alle barn sykler» i Hordaland	kr 200.000						
Pilotprosjekt «Helsefremjande skule» - 4 skular a kr 50.000	kr 200.000						
Mobil sykkelparkering	kr 100.000						

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.08.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet i Hordaland vedtek framlegget til ein 12-punkts avtale mellom Bergen 2017 AS og Hordaland fylkeskommune i samband med førebuing, gjennomføring og etterarbeid av sykkel VM 2017.
2. Fylkesutvalet oppnemner fylkesordførar til å delta i hovudkomiteen for sykkel VM 2017.
3. Fylkesutvalet fordeler løyvinga på kr 500.000 til prosjekt sykkel VM og folkehelse/sykkelvanar slik:

Pilotprosjekt «Alle barn sykler» i Hordaland	kr 200.000
Pilotprosjekt «Helsefremjande skule» - 4 skular a kr 50.000	kr 200.000
Mobil sykkelparkering	kr 100.000
Løyvinga skal førast over budsjettpost 400.420.00	

PS 91/15 Køyretider for reservedrosjeløyve i Bergen køyreområde

Forslag til vedtak

Samferdselsutvalet tek saka til orientering.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.08.2015

Alf Helge Greaker sette på vegne av V, H, FRP, A fram forslag til ny innstilling.

1.	Samferdselsutvalet tek saka til orientering.
2.	Representantar frå samferdselsutvalet, administrasjon og drosjenæringa skal gå i dialog for mellom anna belyse: <ul style="list-style-type: none"> - løyveutvikling (antal) for dei næraste åra - terminalfasilitetar og infrastruktur - praktisering av reserveløyve - sanksjonsmoglegheiter ved regelbrot - korleis sikre eit jamnt godt drosjetilbod utanom Bergensområdet - andre tiltak for å sikre rettferdig konkurranse for drosjenæringa i fylket
3.	Samferdselsutvalet ber om eiga sak om drosjepolitikk på bakgrunn av dialogmøte.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling fekk ingen røyster og fall.
Alf Helge Greaker sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1.	Samferdselsutvalet tek saka til orientering.
2.	Representantar frå samferdselsutvalet, administrasjon og drosjenæringa skal gå i dialog for mellom anna belyse: <ul style="list-style-type: none">- løyveutvikling (antal) for dei næraste åra- terminalfasilitetar og infrastruktur- praktisering av reserveløyve- sanksjonsmoglegheiter ved regelbrot- korleis sikre eit jamnt godt drosjetilbod utanom Bergensområdet- andre tiltak for å sikre rettferdig konkurranse for drosjenæringa i fylket
3.	Samferdselsutvalet ber om eiga sak om drosjepolitikk på bakgrunn av dialogmøte.

PS 92/15 Ymse

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.08.2015

ORIENTERINGAR

Oddmund Sylta orienterte om nytt frå Skyss.

- Sommarruteopplegget har gått over 7 veker slik det har vore gjort dei siste åra. Ei «vinterveke» er 6 mill kr dyrare enn ei «sommarveke», så dette er og eit økonomisk spørsmål. Skyss vil evaluera røynslene frå i sommar.
- Driftsmessig har det gått rimeleg greitt i sommar.
- Trolleybussane er under oppgradering og vil inngå som grunnstamma på linje 2.
- Færre trykte rutehefter. Vil ikkje finna desse på bussen, men ein kan få det ved å ta kontakt med Skyss.
- Mindre trykk på kortproduksjonen enn vanleg,- skuldast truleg meir bruk av mobilbillettering.
- Orienterte om justeringar av ruteproduksjonen frå haustrutene.

Erling Hodneland orienterte om nytt frå Statens vegvesen

- Gudvangatunnelen vert opna for kolonnekøyning for store køyretøy.
- Kontroll av tunge køyretøy på Maurset før nedkøyning i Måbødalen – nedslåande resultat for bremsekontroll.
- Vallaviktunnelen – kommunikasjonen fall ut sist søndag og trafikken vart avvikla ved kolonnekøyning.

Knut Olav Nestås er ny leiar for Trygg Trafikk i fylket, og presenterte seg for utvalet.

Tom Skauge stilte fylgjande spørsmål.

1. Bybane til Åsane

Det er kjent frå media at det kan gå mot eit kompromiss om bybanetrase framfor Bryggen etter valet.

Spørsmål:

- a) Dersom ein får eit slikt nytt fagleg-politisk handlingsrom for Bybane-bygging mot Åsane, kor raskt kan Bybanen Utbygging være klar til å førebu traseen mot Åsane?
- b) Det samrøystes vedtaket frå Fylkestinget i sommar med krav om at staten bør finansiere Bybane og liknande prosjekt med 70% kan gjere det mindre økonomisk krevjande å få fart på utbygging av bana både til Fyllingsdalen og Åsane. Kva gjer Hfk for å få kravet igjennom i Storting og Regjering?

Håkon Rasmussen svara på spørsmåla:

- a) Bybanen utbygging må ha ferdig reguleringsplan for sitt arbeid med prosjektering, grunnverv og bygging. I arbeidet med trase til Fyllingsdalen er Bybanen utbygging med i reguleringsfasen, noko som

vil gjere overgangen mellom regulering og prosjektering mest mogeleg effektiv. Denne løysinga kan og brukast mot Åsane, men hovudoppgåvene til Bybanen utbygging må vente på ferdig reguleringsplan. Dersom Bergen kommune prioriterer regulering til Åsane no, vil det ta minst eit par år før plan er vedteken. Bybanen utbygging kan da begynne å førebu sjølve prosjektet, og vere klar til å starte bygging tidlegast eit par år etter planvedtak.

b) Avklaring av Statleg andel for Bybanen til Fyllingsdalen og Åsane vert del av Bymiljøavtalen, slik den er skissert i gjeldande NTP og i brev frå Samferdselsdepartementet 2.6.2014 . Det er varsla at Staten vil gå vidare med å forhandle med Stavanger og Bergen etter at avtale med Oslo er på plass, i løpet av det neste halve året.

2. Ny jobb for Ulriksknaskaren?

Avisa Bygdnytt kunne i sumar melde at Ulriksknaskaren kan vera ledig for nye oppdrag i 2017. Jernbaneverket var positive til å nytte boremaskina også mot aust. Fylkesordføraren har nyleg bedt om fart på arbeidet med ny trase mot aust.

Spørsmål:

Vil Hfk ta initiativ til å tinge boremaskinen til traseen mot Voss for jernbane og E16?

Håkon Rasmussen svara på spørsmålet

Jernbanen mot Voss og E16 er statlege prosjekt. Det vil krevje lovleg reguleringsplan før «Ulriksknaskaren» kan gå laus på andre oppgåver. Som kjend ligg KVVU til avklaring i Regjeringa, og det er ingen ting som peiker i retning av planavklaring i tide til å kunne nytte knaskaren vidare på direkten.

3. Skyss med for lang ferie

Nok eit år har det blitt kø på buss og bane i Bergensområdet i veka før skulestart. Det er ledig bussmateriell og sjåførar.

Spørsmål:

- Er det rett at ruteselskapa ikkje får betaling frå Skyss om dei set inn ekstraruter etter behov?
- Ut frå erfaring dei seinaste årene – vil Skyss endre kontrakten slik at ordinær trafikk eller eit kraftig forbetra tilbod kjem i drift veka før skulestart neste år.

Håkon Rasmussen svara på spørsmåla.

Vi har registrert at Bybanen og nokre sentrale busslinjer har hatt stor trengsel i første og siste veka av sommarruta.

- Ekstrarute vert tinga og betalt av Skyss. Ruteselskapa har avtale om kva produksjon dei skal køyre dei ulike vekene.
- Auka produksjon gir auka kostnad. Sommarruta er allereie korta inn i høve tidlegare praksis. Om det er behov for meir kapasitet og om det er mogeleg å auka produksjonen første og siste veka av sommarruta vil bli vurdert.

Pål Kårbø stilte følgjande spørsmål.

Hordaland fylkeskommune har kjøpt og overteke infrastrukturen for trolleybuss frå Tide.

Kan rådmannen ta ansvar for at det vert laga ei rapporteringsordning til politisk utval, kor stor del av bussane på linje 2 som over tid nyttar infrastrukturen på trolley ?

Oddmund Sylta opplyste om at Skyss alt har etablert ei rapporteringsordning om bruk av trolleybussane. Ein vil koma attende til denne rapporteringa i *Nytt frå Skyss*.

Øyvind Hardeland stilte følgjande spørsmål

Dei fleste kommunane i Hordaland har inngått tilbodskontraktar for asfaltering av kommunale vegar. Kommunane er nok ikkje så store på innkjøp av desse tenestene. Med store avstandar, liten tonnasje og små vedlikehaldsbudsjett vert det difor helst ein dårleg pris og kanskje dårlegare kvalitet.

Er det mogelegheiter for at kommunane kan gå i lag med Fylket for innkjøp av desse tenestene ?

Fylkeskommunen driftar og vedlikeheld fylkesvegane i Hordaland. For veglysa langs desse vegane er det slik at fylket betalar for drifta av straumforbruket, men då det gjeld drift og vedlikehald ellers så betalar kommunane for desse tenestene direkte til kraftlaga og får kompensert for denne kostnaden av fylket ein gang i året.

For det første så er dette ikkje ute på pris, det er store kostnader i samband med lov om overgang til LED armatur, kommunane forskottera og det er generelt uoversiktleg.

Kva planar har Fylkeskommunen for å rydda opp i dette ?

Ein kjem attende med skrifteleg svar på spørsmåla.

Einar Lutro ba om å få ein status på prosessen rundt regionale bompengeselskap.

Håkon Rasmussen orienterte om stoda så langt. Det har vore møte med samferdselsministaren og det som så langt avteiknar seg er at fylka frå Aust-Agder til og med Sogn og Fjordane vert samla i ein region. Ein ventar på eit brev frå departementet med ei konkret bestilling. HFK har teke ein leiarrolle for det vidare arbeidet med å etablera selskapet. Når ein går djupare inn i temaet ser ein at det er ein del utfordringar som må løysast før eit slikt selskap er operativt. Ein kjem attende med ei skriftleg statusmelding i seinare møte.

Gustav Bahus tok opp problemstillinga rundt informasjon til dei vegfarande når vegar/tunnelar var stengde. Ba om informasjon om korleis dette vert tilrettelagt.

Gustav Bahus syntte til at i andre deler av landet var infotavler langs vegane utstyrte med kart over området. I Hordaland manglar dette tilbodet og han ba om at det vert sett på dette.

John Torsvik etterlyste status for Masfjordbrua.

Ein kjem attende med skriftleg svar.

Avslutning for utvalet

Etter siste møte i denne valperioden, 30. september, vil det bli avslutning med middag i Bergen. Administrasjonen legg opp program.